



Hordaland Fylkeskommune Fylkesordføraren

Pb 7900

5020 BERGEN

Vår ref.
16/182-76/N - 009/JOLJ

Dykkar ref.

Dato:
02.10.2017

Nammeval ny VGS i Kvam

Til saka om namneval på ny VGS i Kvam.

Den vidaregåande skulen er saman slått til ei eining med felles administrasjon, der tidlegare Norheimsund og Øystese VGS inngår. Det er og vestatt i Fylkestinget at skulane skal geografisk sam lokalisert med nytt bygg i regionsenteret Norheimsund i 2026.

Den nye skule treng ein sterk felles identitet for å bygga ein ny og framtidsretta skule, då er namnevalet viktig. Kvam herad var difor glade då tilrådinga til fylkesrådmannen var Hardanger vidaregåande skule.

Den offentlege vidaregåande skulen i Kvam treng eit sterkt namn i konkurransen om elevane då konkurransen er stor i Kvam både mot Bergen og den private Framnes kristne vidaregåande skule.

Den nye skulen ligg sentralt plassert i Hardanger med gode kommunikasjonar, der det vil vera naturleg at ikkje berre elevar frå Kvam vil kunna søkja seg til skulen.

Hardanger namnet er i bruk i mange samanhengar i dag, bedrifter og organisasjonar som er lokalisert i Hardanger brukar namnet, utan at dei nødvendigvis har arbeidsfelt eller oppgåver som dekkjer heile Hardanger men for å gje ein sterk identitet til organisasjonen. Hardanger vidaregåande skule vil vera eit framtidsretta og godt namneval på ei viktig satsing i frå Fylkeskommunen i Kvam.

Kvam er både kommune og stad namn noko som dagleg fører til forveksling med Kvam i Gudbrandsdalen. Kvam herad er og har vore positive til kommunesamanslåing og vonar dette kan bli ein realitet i framtida då vil namnet Kvam ikkje lenger verta nytta.

Kvam herad vil oppmoda fylkestinget om å gje den nye vidaregåande skulen eit sterkt og framtidsretta namn Hardanger vidaregåande skule.

Helsing

Jostein Ljones

Ordførar

Telefon: 56553011

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakarliste:

Hordaland Fylkeskommune Fylkesordføreren	Pb 7900	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune Fylkesrådmannen	Pb 7900	5020	BERGEN